

Osterøy kommune
Postboks 1
5293 Lonevåg

Raknes, 07.01.2023

Søknad om frådeling av naust på gnr 111 bnr 4.

Det vert søkt om frådeling av eksisterande naust frå gnr. 111 bnr. 4. Parsellen som er omsøkt er omlag 150 m². Naustet ligg i matrikkelen med bygningsnummer 175876596.

Tiltaket er godkjent etter jordlovsbehandling i sak 22/106, ref. vedtak av Statsforvaltaren i Vestland, datert 20.12.2022.

Arealet ligg innanfor sone for flaumfare.


Arealet er avsatt til LNF i kommuneplanens arealdel.

Nabovarsling

Vi ber om fritak for nabovarsling, sidan naboeigedomen gbnr 111/136 også er eigd av sokjar, og andre naboer vert ikkje berørt at tiltaket.

Flaumfare

Når det gjelder området som er registrert som flaumfare, meiner vi at dette er aktuelt inderst i vika, aust for omsøkte naust. Terrengformasjonen rundt naustet er slik at flaum frå bekken ikkje påverkar området der naustet ligg, sjå kart:



Søknad om dispensasjon

Det vert søkt om dispensasjon frå arealformål LNF i kommuneplanens arealdel. Den omsøkte parsellen er eit eksisterande naust. Det er plassert heilt i ytterkanten av hovedbruket. Tilkomst er langs etablert gangsti. Det vert såleis ikkje anna endring av bruk i området enn at naustet får eigne grenser.

Vi meiner at fordelene ved frådeling er klart større enn ulempene og vilkår for å gje dispensasjon er oppfylt.

Vi ber difor kommunen om å gje dispensasjon slik som omsøkt.

Annbjørg Raknes

